

MILJØDIREKTORATET
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Uttale frå Vestland Fylkeskommune - Vurdering av søknad om varig omdisponering av Øyane bygdatun statleg sikra friluftslivsområde del av gnr 623 bnr 65 i Voss herad

Bakgrunn for saka:

I oversending datert 16.09.2020, søker Voss herad om varig omdisponering av det statleg sikra friluftsområdet ved Bygdatunet i Granvin. Bakgrunnen for søknaden er at heradstyret i Voss har gjort vedtak om at ny barnehage i Granvin skal byggas innanfor det statleg sikra området.

Granvin er ei bygd med press på areala, og store områder er bandlagde av ras- og flaumfare. Voss Herad har gjennomført ei moglegheitsstudie med vurdering av tre ulike tomter for ny barnehage. Av dei tre vurderte tomtene vart det statleg sikra området ved Bygdetunet vurdert som best egna. Dette området er flaumsikra av NVE og lokaliseringa gjer det mogleg å nå barnehagen til fots frå dei største byggefelta i Granvin. Økonomiske omsyn gjer det vanskeleg å bygge om eksisterande barnehage, og det tredje alternativet vart forkasta grunna arealbruk (dyrka mark).

Om det statleg sikra friluftsområdet:

Det statleg sikra området er ei kulturmark som ligg sentralt til i Granvin. Området ligg like ved Granvin Bygdemuseum, som er eit bygdetun med seks eldre bygningar, den eldste frå 1700-talet. På grunn av området sitt spesielle kulturmiljø og kulturminneverdi, har Vestland fylkeskommune, ved seksjon for Kulturarv, skrive eit eige Kulturminnefagleg fråsegn som ligg med som vedlegg.

På det statleg sikra området er det i Naturbase registrert ein viktig naturtype; Hagemark. Det er hovudsakeleg dei 10-12 gamle, styva asketrea som står på staden, som gjer at marka blir rekna som ein viktig naturtype. Dei gamle styvingstrea har holrom med tremold som kan gje opphav til eit rikt biologisk mangfald. Nokre av dei gamle asketrea var tydeleg råka av askeskottsjuken, men dei fleste såg friske og vitale ut.

Store delar av det statleg sikra området blir i dag nytta til husdyrbeite, og i beitesesongen er marka inngjerda. Området har såleis ingen tilrettelegging for friluftsliv og er delvis utilgjengeleg for allmenna i delar av året.

I Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Granvin Herad er området vurdert som eit svært viktig friluftslivsområde. Det kartlagde området omfattar heile det statleg sikra området, samt bygdetunet og gangvegen over elva. Området er beskrive som eit særleg kvalitetsområde med stor bruksfrekvens og ein spesiell funksjon.

Om foreslått erstatningsareal

Som erstatning for området som søkast omdisponert er foreslått at eit areal ved utløpet til Granvinselva blir statleg sikra. Dette området er nyleg opparbeida som ein park/friområde med gode kvalitetar. Området ligg i tilknytning til eit allereie sikra friluftsområde.

Vurdering

Sjølv om området som søkast omdisponert i dag nyttas til beitemark og dermed ikkje er direkte i bruk til rekreasjon og friluftsliv, har marka kvalitetar som omgjevna til bygdetunet og omkringliggende turvegar. Marka har ein innverknad for korleis ein opplever bygdetunet og for opplevinga ein får ved å ferdast på turvegen sør for marka. I dag er det ein naturleg samanheng mellom bygdetunet og hagemarka med dei styva asketrea. Lik som dei gamle bygningane fortel om tidlegare tiders bygningskikk, fortel styvingstrea om gamle haustingstradisjonar og om eit kulturlandskap som no er i ferd med å forsvinne. Marka er og ei viktig visuell ramme rundt tunet.

I kva grad marka nyttast til friluftsliv og rekreasjon når det ikkje er dyr på beite, for eksempel til skileik o.l. vinterstid, er uvisst. Den sentrale plasseringa tyder på at det i alle høve er eit potensial for at marka kan nyttas til ulike aktivitetar i dei periodane av året da denne ikkje er inngjerda, og gjennom heile året dersom marka ikkje hadde vore inngjerda. I kva grad ei auka bruk av marka til rekreasjon og friluftsliv er foreinleg med ivaretaking av naturtypen hagemark er midlertidig eit spørsmål som me ikkje har den faglege kompetansen til å gå nærare inn på.

Etter Vestland Fylkeskommune si vurdering er det den delen av marka som ligg nærast bygdetunet og turvegen i sør som har dei største kvalitetane som omgjevna rundt bygdetunet og for ferdsel på turvegen. Dette arealet samanfall i stor grad med arealet som er registrert som ein viktig naturtype. Dette arealet bør etter vår vurdering bevarast som eit kulturlandskap og forbi eit statleg sikra friluftsområde.

Den delen av det statleg sikra området som ligg lengst i frå bygdetunet, og som ikkje omfattar naturverdiar i form av gamle styvingstre, har etter vår vurdering ikkje den same funksjonen i høve til å vere ein viktig omgjevna til bygdetunet. Her kan det vurderast å gi løyve til omdisponering for å etablere barnehage.

Ettersom området som foreslåast som erstatningsareal allereie er opparbeidd og sikra gjennom plan, vil ikkje statleg sikring av dette området i seg sjølv tilføre befolkninga i Granvin eit nytt friluftstilbod. Med tanke på framtidig forvaltning og evt. vidare tilrettelegging for friluftsliv, kan det likevel vere positivt at området blir statleg sikra.

Konklusjon

Trass i at størsteparten av område som søkast omdisponert ikkje i særleg grad vert nytta til opphald og friluftsliv i dag, har området klare kvalitetar knytt til kulturmiljø, landskap, biologisk mangfald og som omgjevna for bygdetunet og turvegen. Vestland Fylkeskommunetilirår derfor ikkje at området omdisponerast i sin heilskap.

Vestland Fylkeskommune er i utgangspunktet også skeptisk til å omdisponere delar av det statleg sikra friluftsområdet. Det vil truleg la seg gjere å byggje ein barnehage som tek omsyn til naturverdiane i området. Det er vanskelegare å vurdere korleis ein moderne barnehage vil verke inn på bygdetunet og landskapsrommet som heilskap, særleg ettersom det ikkje er laga nokken skisser eller teikningar av korleis barnehagen skal sjå ut.

Med dei rette grepa kan ein truleg få til ein barnehage som spelar på lag med omgjevna og som ikkje står fram som eit ekskluderande framandelement. Dette tingar at det leggst stor vekt på arkitektur, plassering av bygga og sambruk med bygdetunet.

Det er og forhold som taler for ein barnehage i tilknytning til bygdetunet. Det er positivt at Voss herad ynskjer å lette til rett for, og gjere det attraktivt for barnefamiliar å busette seg i Granvin. Plasseringa ved bygdetunet gjer det mogleg å nå barnehagen til fots frå dei største byggefelta. Det vil og vere enkelt for barnehagen å komme seg til sjøen og friområde utan å krysse trafikkerte område, ved å nytte turvegen langs den nedlagde jernbanetraseen. Plasseringa opnar også for moglegheiter for sambruk med bygdetunet i høve arrangement for ålmenta, og samhandling mellom sjukeheim/omsorgsbustader og barnehagen.

Etter ei total vurdering tilrår Vestland Fylkeskommune at det kan vurderast å opne for omdisponere dei delane av det statleg sikra friluftsområdet som ligg lengst vekk frå bygdetunet og som ikkje

omfattar naturtypen hagemark. Ei slik omdisponering tingar at det i planprosessen vert stilt krav til gode arkitektoniske løysningar og at minst mogleg uteareal blir inngjerda og utilgjengeleg for allmennheta. Området som vi meiner kan vurderast omdisponert er skissert i vedlagt kartutsnitt.

Om ei omdisponering av deler av det statleg sikra området fører til at det resterande arealet ikkje lengre vert nytta som dyrebeite kan dette være positivt for allmenna sin bruk av dette arealet, men vere negativt for naturtypen hagemark viss denne da gror igjen. Ei omdisponering tingar difor og at det vert utarbeidd ein skjøtselsplan for kulturlandskapet og for styvingstrea.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

